



## Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,  
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:  
2021/2-29

Sakshandsamar:  
Rita Hansen

Dato  
17.08.22

### REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 15. AUGUST 2022

Møtestad: Møterom Vegår, fylkeshuset i Arendal  
Møtetidspunkt: 15. august 2022, kl 1000 – 1300  
Desse møtte: Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune  
Steinar Kyrvestad, Valle kommune  
Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune  
Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune  
Rita Hansen, Setesdal IPR (referent)

Til sak 4 møtte fylkesordførar Arne Thomassen, fylkesvaraordførar Bjørn A Ropstad og leiar av hovedutval for næring, klima og miljø Mathias Bernander.

Forfall: Jon Rolf Næss, Bykle kommune

Sak	Merknad	Ansvar /frist
<b>1 - Godkjenning av referat frå førre møte</b>  Referat godkjent. Ein held fram med å ha referat, møteplan osv <a href="#">på nettsida</a> , og ikkje nytte den ordinære innsynsløysinga. Referat sendes til kommunanenes postmottak også.		
<b>2 – Leiars hjørne</b>  Bedriftsbesøk utgår denne gong grunna flytting av møtestad. Møte med hotellnettverket er utsatt til hausten. Fleire skal delta på arrangement i Arendal, så møteslutt blir ca kl 1300. Sjå sak 4.		
<b>3 – Bygdevekstavtale – melding om interesse</b>  Bygdevekst var blant dei temaene som vart løfta inn til møtet på Stortinget som Gro-Ånita Mykjåland og Tellef Inge Mørland skipa til 28. april. <a href="#"><u>Midlane vart utlyst i slutten av juni</u></a> , og først da blei innretting mv klart.  Rita orienterte om kva administrasjon har gjort så langt, og at kommunedirektørutvalet er positive. I løpet av dagen blir melding om interesse for	Sjå vedlegg	

deltaking i pilotprosjekt Bygdevekstavtale Setesdal sendt til departementet (fristen er i dag). Kven som gjer kva fram mot søknadsfrist 30. september avklaras ila kort tid.		
<b>4 – Førebuing til møte med politisk leiing hjå Agder fylkeskommune</b>  Gjennomgang av punktlista som var sendt ut på førehand. Punktane er ikkje i prioritert rekkefølge.	Sjå vedlegg	
<b>5 – Møte med Agder fylkeskommune v/fylkesordførar Arne Thomassen, fylkesvaraordførar Bjørn A Ropstad og leiari av hovedutval for næring, klima og miljø Mathias Bernander.</b>  Sigbjørn ønska velkommen til møtet.  Desse punktane vart spilt inn av SIPR i forkant av møtet, og gjennomgått i møte: <ul style="list-style-type: none"><li>• <i>Lokalisering offentlege arbeidsplassar – ref mellom anna saka Regionalt samarbeid om lokalisering av statlige arbeidsplasser til Agder som fylkesutvalet handsama i mars:</i> <a href="https://sru.agderfk.no/api/utvalg/200040/moter/737458/behandlinger/10/0">https://sru.agderfk.no/api/utvalg/200040/moter/737458/behandlinger/10/0</a>  Fylkeskommunen orienterte om bakgrunnen for saka som fylkesutvalet handsama i mars, og opplyser at dei kjem til å invitere til et møte for å følge opp saka. Det vart presisert at fylkeskommunen også er opptatt av at det skal være mulig å bo i indre Agder og arbeide i fylkeskommunen. I regionen vår er kvar einaste arbeidsplass viktig, og ein må vere merksam på moglegheitsrommet i det dagelege og i dei «mindre sakene».</li><li>• <i>Rv 9 – Nasjonal turistveg (søknaden Setesdal IPR har sendt er vedlagt)</i>  Dialog kring søknaden og den vidare prosess. Viktig med samla politisk påverknadsarbeid. Er direkte kobla til Hurdalsplattformen. Ein arbeider med å få til møte med statsråden og politisk leiing i fylkeskommunen og Setesdal IPR i høve saka. Haldar kontakt mtp dato. Fylkeskommunen tydelige på at det berre er Rv 9-strekning i Agder som ein arbeidar for – ikkje fleire/andre. Rv-9 gruppa er ikkje ferdig med jobben ennå.</li><li>• <i>Unesco-listeføringa - samla politisk påverknadsarbeid opp mot stat/statsbudsjett</i>  Oppfølging av møte på Vigeland 24. juni og skriv frå fylkeskommunen i fjor. Fylkesordføraren arbeidar med å få til felles møte med toppleiringa i kulturdepartementet. Dato ikkje fastlagt. Viktig med brei, samla påverknadsarbeid frå fylkeskommunen og Setesdal IPR. Flest mogleg frå ordførarutvalet deltek. Haldar kontakt mtp dato.</li><li>• <i>Ose bru og den vidare handsaminga i fylkeskommunen (vedtak i saka frå styremøte hjå oss vedlagt).</i>  Saka kjem til handsaming i dei politiske utvala i fylkeskommunen i haust. Samtale kring vidare framdrift i saka.</li><li>• <i>Bygningsvernssenter Setesdal, Rysstad</i>  Bygningsvernssenteret på Rysstad ligg organisatorisk under AA museum og Arkiv. Dei to andre bygningsvernssentra (Risør og Flekkefjord) ligg organisatorisk i Agder fylkeskommune. Bør bygningsvernssenteret på</li></ul>		

<p>Rysstad organisatorisk og ligge i Agder fylkeskommune? Kommunane tek eit skrifteleg initiativ til drøfting.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Arkiv og museumsstruktur i Agder</i></li> </ul> <p>Dette er en kompleks sak som krev grundige og gode prosesser, og som derfor vil ta noe tid. Setesdal ber om at dei arkivfaglege delane av saka blir godt belyst og vektlagt i arbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Visit Sørlandet – eigarmøte</i></li> </ul> <p>Ein er godt nøgd med at fylkeskommunen i førre generalforsamling tok til orde for å skipa til eit eigarmøte. Det er ønskeleg at også Visit Setesdal vart invitert til eigarmøte.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Arealdisponering</i></li> </ul> <p>Viktig at fylkeskommune er kjent med de store avgrensingane som er på arealbruk i våre kommunar. Vi har store bandlagte areal, og svært lite handlingsrom igjen. Differensiering er viktig. Har vi nok moglegheiter til å utnytte våre få fortrinn? Samtale kring korleis sikre naudsynt kjennskap til lokale tilhøve.</p> <p>Konstruktivt og effektivt møte. Einighet om at lav terskel for kontakt og dialog mellom politisk leiing i fylkeskommune og regionråd er viktig og nyttig for alle.</p>		
<p><b>4 - Eventuelt</b></p> <p>Generalforsamling – Visit Sørlandet. Steinar orienterte om tidlegare dialog med valkomiteen.</p> <p>Deltaking i fjellnettverket: anbefaler ei drøfting om regionens deltaking.</p> <p>Neste ordinære møte og bedriftsbesøk: 12. september i Åseral</p>		

Med helsing  
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen  
dagleg leiar